



Konfirmantprosesjon 2012 med kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark føre og sokneprest Kristian Due bak (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Årsstatistikken for Uskedalen sokn føreligg no og fortel at det var færre deltakarar på gudstenestene enn året før. På sòn- og helgedagar var det 1150 på 17 gudstenestar mot 1482 på 18 gudstenestar 2011, Det var 67 i snitt på kvar gudsteneste mot 82 i 2011. Det møtte 176 til 3 gudstenester på kvardagar mot 171 til 2 gudstenester på kvardagar året før.**

Av statistikken går det ellers fram at ingen meldte seg inn i kyrkja i Uskedalen i fjor medan ein melde seg ut - det var som året før. 9 vart døypte mot 14 i 2011 og 4 (3) av dei var busette i soknet. Konfirmanttalet var 7 mot 18 året før. 4 par vart vigde mot 2 året før. 13 vart gravlagde mot 7 i 2011.

I fjor var det 7 gudstenester med nattverd i kyrkja mot 6 året før og det var 117 nattverdgjester (171 i 2011). Det vert 16 på kvar mot 18 året før. På den eine konserten i kyrkja ifjor var det 155, men dei tilsvarande tala i 2011 var 3 og 260.

På eitt punkt syner statistikken ein betydeleg auke og det er i takkoffer til misjon, nødhjelp og anna. Det kom inn 44 285 kroner mot 32 333 i 2011.

Av Ola Matti Mathisen



Fullsett kyrkje under konfirmasjonen (Foto: Ola Matti Mathisen)